

Sogn og Fjordane Ungdomslag

ORG. NR.: 974805677
WWW.SOFUL.NO
WWW.FACEBOOK.
COM/SOFUL/

04.09.2019

Kva meiner din lokalpolitikar om frivilligheit?

I Sogn og Fjordane har den økonomiske støtta til lag- og organisasjonar jamt over stått stille i mange år. Undersøking av Sogn og Fjordane Ungdomslag syner at i 2019 er den samla kommunale kulturstøtta til lag og organisasjonar på under 6 millionar kroner i fylket. Fleire kommunar har heller ikkje eigne tilskotsmidlar til lag og organisasjonar. Når dei samla kommunale driftsutgiftene i Sogn og Fjordane i 2018 var på over 10 milliardar kroner, vert den kommunale støtta til lag og organisasjonar forsvinnande liten. Samstundes syner ein undersøking i regi av Frivillig Norge at 80 prosent av befolkninga meiner at det er viktig eller svært viktig at kommunen legg til rette for frivilligheit. Det er difor inga tvil om innbyggjarane er opptatt av å sikre gode vilkår for frivilligheita.

Med den låge kommunale økonomiske støtta, kan det sjå ut som om politikarane i mange kommunar tek frivilligheita for gitt! Fylkes- og kommunesamanslåingar vil òg ha konsekvensar for frivilligheita i kommunane, mellom anna ved at avstandane vert større og at lokal identitet vert utfordra. Her i fylket, er det berre kommunane Eid og Flora som har utarbeida ein frivilligheitspolitikk. Sogn og Fjordane Ungdomslag vil difor utfordre kommunepolitikarane på korleis dei vil løyse desse utfordringane. Vi støtter m.a. tilrådinga til Frivillighet Norge om at kvar kommune må utvikle og vedta eigen frivilligheitspolitikk. Målet må vere auka dialog med, og kjennskap til, frivilligheita lokalt. Sogn og Fjordane Ungdomslag vil difor oppfordre alle til å nytte høvet til å spørje sine politikarar som er på val: kjem du til å stemme for at min kommune skal vedta ein frivilligheitspolitikk?

Christoffer Knagenhjelm
Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

